

Lensmannen i Ørsta på møte i Ørsta Rotaryklubb:

Ønskjer døgnbemanna politistasjon

Lensmann Gutterm Hagen orienterte på Ørsta Rotaryklubb om politiet sine utfordringar og korleis ein kan oppnå eit trygt lokalsamfunn. Høgt på ønskjelista til lensmannen står døgnbemanna politistasjon og døgnberedskap hos barnevernet.

Lensmannen hevda i innlegget sitt hos Rotary at ein i dag har eit godt og trygt lokalsamfunn, og at det er viktig å jobbe målretta for å behalde det. Den kontinuerlege, aktive polititenesta som vi har hatt etter opninga av Eiksundsambandet er eit viktig bidrag for å kjempe mot kriminaliteten.

Dei fleste lovbrota skjer i timen etter at skjenkestadene stengjer, og arbeidet med skjenkekontroll og samarbeidet med skjenkestadene er viktig. Ein skjenkestad bør ikkje vere lokalisiert for nær bustader, då dette vere konfliktdrivande. Politiet har dessutan ei aktiv holdning til å drive med førebygging, framfor å vente på at lovbrota skal skje. I den samanheng er såkalla «bekymringssamtalar» noko som er utbreidd, og som gjev gode resultat.

Samarbeid med barnevernet

Blir ein hjort påkøyrd, så rykkjer viltnemnda ut anten det er dag eller natt. Tilsvarande døgnberedskap eksisterer ikkje i barnevernet, og lensmannen meiner det er eit tankekors at det er ein betre beredskap i viltforvaltinga enn i barnevernet. Det er eit ønske at barnevernet får etablert ein døgnberedskap på Søre Sunnmøre slik at politiet i større grad vert sikra rask hjelp frå barnevernet.

Trygt lokalsamfunn

Det er ikkje berre politiet som bidreg til ein trygg kvardag. Like vik-

tig er eit aktivt næringsliv med kompetansearbeidsplassar, gode skular, barnehagar, rikt kulturliv, gode vilkår for idrett og friluftsliv og gode heimar.

Døgnbemanna politistasjon er noko Hagen håper å få til i framtidia. Sjølv om politiet i Ørsta og Volda leverer gode resultat, så er det eit faktum at bemanninga er langt lågare enn det folketallet skulle tilseie. Får ein auka bemanning, så vil politiet på Søre Sunnmøre ha aktive patruljar også på dagtid laurdag og søndag. I dag er noko av tenesta i helga basert på kvilande vakt.

Framifrå samarbeid med dei frivillige

Lensmannen peikte på at ein i lokalsamfunnet har ein unik situasjon der samarbeidet med frivillige er i noregstoppen. Og Gutterm Hagen nemner fleire; Røde Kors Hjelpekorps, Norske redningshundar, Sunnmøre alpine redningsgruppe, skredgruppa og omsorgsgruppa. Skredgruppa er den einaste mellom Rogaland og Nordland, og sjølv om det er lenge sidan Engsetfonna i 1979, så vil skreda kome att.

GH



Lensmann Gutterm Hagen meiner det er eit tankekors at hjorten har betre vern enn barna i Ørsta.

Vil ynskje tilflyttarar velkomne

Ørsta kommune vil delta på Høgskulen i Volda sin gründercamp 2011, mellom anna med tema som tek føre seg eit nytt introduksjonssystem for nye tilflyttarar til kommunen.

– Vi vil gje nye bebuuar ein kort presentasjon av kommunen, med informasjon om mellom anna kontaktpunkt, geografi (enkelt kart), diverse tilbod o.l., seier rådmann Asbjørn Moltadal.

Ørsta vil mellom anna nytte informasjonssystemet via sine heimesider, noko som også opnar for informasjonsfilmar og andre media.

Maling

Med vår sperre-grunning slipper du bruk av kvistlakk



MALIA
Gode råd - gode kjøp!

Tlf. 70 04 75 30